

KOMMISJONSFORORDNING (EF) nr. 2479/95**96/EØS/16/17**

av 25. oktober 1995

**om tilpassing til den tekniske utviklinga av rådsforordning (EØF)
nr. 3821/85 om bruk av fartsskriver innen veitransport(*)****KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLE-
SKAPA HAR -**

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fællesskapet,

med tilvising til rådsforordning (EØF) nr. 3821/85 av 20. desember 1985 om bruk av fartsskriver innen veitransport⁽¹⁾, sist endra ved tilmeldingsakta for Austerrike, Finland og Sverige, særleg artikkel 17, og

ut frå desse synsmåtane:

Svikefull bruk av elektroniske fartsskrivarar innan vegtransport må gjerast umogleg.

Ut frå dei røynslene som er gjorde på dette området, og på det noverande utviklingssteget i teknikken kan dei leidningane som bind fartsskrivaren og impulsSENDAREN saman, vernast mot ulovleg inngrep på andre måtar enn ved å nytte ei ubrotten, plastdekt kappe i rustfritt stål med krympa endar.

Av omsyn til levetida til dei fartsskrivarane som finst i dag, må den nye teknologien arbeidast inn i fællesskapsstandardane for konstruksjon og installering av elektroniske fartsskrivarar.

Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegna frå Utvalet for tilpassing til den tekniske utviklinga av forordning (EØF) nr. 3821/85 -

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:**Artikkel 1**

I vedlegg I avsnitt V i forordning (EØF) nr. 3821/85 skal nr. 5 lyde:

«5. De ledninger som forbinder fartsskrivaren med impulsSENDAREN, må være beskyttet av en ubrutt, plastbelagt kappe i rustfritt stål med krympede ender, med mindre tilsvarende beskyttelse mot ulovlig inngrep er sikret på andre måter (f.eks. ved elektronisk overvåking så som signal-kryptering) som gjør det mulig å oppdage innretninger som ikke er nødvendige for at fartsskrivaren skal virke etter hensikten, og som gjennom kortslutning, brudd eller endring av elektroniske data fra hastighets- og avstandsføleren har til formål å forhindre at fartsskrivaren virker etter hensikten. En forbindelse med forseglede skjøter anses i denne forordning som ubrutt.

Den ovennevnte elektroniske overvåking kan erstattes med en elektronisk kontroll som sikrer at fartsskrivaren registrerer alle kjøretøyets bevegelser uavhengig av signalet fra hastighets- og avstandsføleren.»

Artikkel 2

Denne forordninga tek til å gjelde tredje dagen etter at ho er kunnngjord i *Tidend for Dei europeiske fællesskapa*.

Ho skal nyttast frå 1. januar 1996.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 25. oktober 1995.

For Kommisjonen

Neil KINNOCK

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne EF-rettsakten, kunnngjord i EFT nr. L 256 av 26.10.1995, s. 8, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 8/96 av 29. februar 1996 om endring av EØS-avtalens vedlegg XIII (Transport), se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Fællesskaps Tidende.

(¹) TEF nr. L 370 av 31.12.1985, s. 8.